



SURNADAL KOMMUNE

# **HANDLINGSPLAN MOT VALD I NÆRE RELASJONAR 2023-2027**



## KORLEIS EIN GÅR FRAM VED MISTANKE OM VALD I NÆRE RELASJONAR?

### Når det gjeld barn:

Dersom det er barn involvert *skal* du melde frå til Barnevernet.

Om det er mistanke om vald og/eller overgrep **skal foreldre ikkje kontaktast**

Det er kun barnevern eller politi som kan ta med barn til lege utan samtykke.

### Når har du meldeplikt til barneverntenesta?

Du har meldeplikt etter Barnevernloven § 6-4 når det er grunn til å tru at:

- eit barn blir mishandla i heimen
- det føreligg andre former for alvorlig omsorgssvikt
- eit barn har vist vedvarende alvorlege atferdsvanskar
- det er fare for utnytting av eit barn til menneskehandel

### Er du i tvil?

Ta kontakt med barneverntjenesta for anonym drøfting – ring **71 65 59 00**. eller **48 09 22 00**.

### Akutte situasjonar:

Ved mistanke om vald i nære relasjoner og/eller seksuelle overgrep mot barn, skal du handle umiddelbart.

Ta kontakt: **Politi 02800** eller **barneverntenesta** tlf. **71 65 59 00** eller vakttelefon **48 09 22 03**

**Barnevernvakta i Surnadal** telefon **90 28 70 37**

Opningstidar kvardag utanfor kontortid frå kl. 1530 til kl. 0800. Gjeld også helg og høgtid.

### Nødrettslege situasjonar:

Ein har rett til å meddele teiebelagte opplysningar til andre dersom svært tungtveiende hensyn talar for det.

Er det fare for liv eller helse, **skal politiet kontaktast umiddelbart**.

Når du har medlt frå om din bekymring, har politi eller barnevernet ansvar for å følgje opp saka vidare.

### Når det gjeld vaksne og eldre:

Politi - **112** ved akutte tilfelle eller akutt fare for liv og helse

Telefon **02800** for lokalt politi i saker som ikkje er akutte eller fare for liv og helse

Politistasjon tlf. **701 187 00**

## **Hjelpetilbod og kontaktpersonar**

**Alle** tilsette i alle tenestene i Surnadal kommune har ansvar for å førebyggje, avdekke og stoppe vald. Dei kommunale hjelpetenestene skal bidra til at valdsutsett, valdsutøvar og andre som er påverka av valden, får eit tilrettelagt og heilskapleg hjelpetilbod.

Lokale tenestetilbod, interkommunale og nasjonale hjelpetiltak:

- Barneverntenesta- vakttelefon 480 92 203

<https://www.surnadal.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/barneverntenesta/kontakt-barneverntjenesten>

- Politi - 112 ved akutte tilfeller

Telefon 02800 for lokalt politi i saker som ikkje er akutte  
Politistasjon tlf. 701 187 00

<https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/politidistrikter/more-og-romsdal/surnadal-politistasjon/#accordion-item-18087>

- Fastlege - Surnadal legesenter, tlf. 716 57 800
- Helsestasjon - Surnadal helsestasjon, tlf. 716 55 880
- Familierettleiar, tlf. 948 545 40
- Psykisk helseteneste – psykiatrisk sjukepleiar, tlf. 952619 98

**Surnadal kommune har avtale med krisesenteret for Orkdal og omegn**  
Postboks 116, 7320 Fannrem

Tlf: 72 48 24 10

E-post: [krisesenteretorkdal@outlook.com](mailto:krisesenteretorkdal@outlook.com)

Facebook: <https://www.facebook.com/orkdalkrise>

Nettsted: <https://krisesenteretorkdal.no>

Sjå film om og kort omtale av krisesentertilbodet på dinutvei.no

## **Livstrugande sjukdom eller skade- Ring 113**

**Familievernkontoret Nordmøre**

Telefon 466 17 480

Familievernkontoret Nordmøre (bufdir.no)

**Nasjonale hjelpetilbod til valdutsett og valdsutøvar**

Hjelpetilbod ved vald, seksuelle overgrep og valdtekst: [www.dinutvei.no](http://www.dinutvei.no)

Hjelpeelinje for deg som opplever vald eller overgrep i nære relasjoner

Telefon: 116 006 (VO telefonen)

Alarmtelefonen for barn og unge er en gratis tjeneste for barn og unge som er utsatt for vold, overgrep og omsorgssvikt. **Telefon; 116 111**



**STOP VIOLENCE**

## **FORORD**

Arbeidet mot vald og seksuelle overgrep har i dei siste åra fått eit markant sterkare fokus både nasjonalt og lokalt. Utøvinga av vald er straffbare handlingar i strid med norsk lov, og eit angrep på grunnleggande menneskerettigheter.

Surnadal kommune vil med denne handlingsplana peike på utfordringane vi er særleg opptatt av og finne ut kva vi skal gjere med utfordringane vi ser. Kommunen sin handlingsplan skal spegla ein heilskapleg tankegang rundt problema knytt til vald i nære relasjoner.

### **1. Innleiing**

Det er ein grunnleggande menneskerett å leve eit liv utan vald eller frykt for vald. Vald i nære relasjoner er eit alvorleg samfunnsproblem både ut frå eit folkehelse-, likestilling-, oppvekst-, og kriminalitetsperspektiv. I ytste konsekvens kan det føre til tap av liv.

Ein betydeleg del av befolkninga i Norge blir ramma av vald og seksuelle overgrep. Vald i nære relasjoner finn stad i alle samfunnslag, i alle aldersgrupper, innanfor alle typar kulturar, blir utført av både kvinner og menn og på svært varierte måtar.

Vald i nære relasjoner skaper utryggleik, kan medføre helseskadar og tap av velferd og avgrensar den enkelte si livsutfaldning. Barn som blir utsett for vald kan få utviklingsskader og bere preg av det resten av livet. Det er stor fare for at barn som blir utsett for vald får redusert helse og livskvalitet i vaksen alder. I tillegg veit vi at utøvinga av vald kan gå i arv og at mange difor sjølv kan bli valdsutøvarar i vaksen alder.

Vald i nære relasjoner er ofte skjult og forbunde med mykje skuld og skam. Det kan vere vanskeleg for familie, vennar og andre som ser valden å gripe inn. Å vere utsatt for vald er fortsatt tabubelagt i samfunnet. Det kan vere til hinder for å avsløre valden, erkjenne sitt eige eller andre sitt behov og be om hjelp. Valden kan ramme hardt og har store konsekvensar for den som opplever den.

Vald i nære relasjoner blir ofte omtala som familievald eller vald i heimen. Med nære relasjoner meiner vi relasjoner der valdsutsett og valdsutøvar har eller har hatt eit nært forhold til kvarandre, og der det er gjensidige forpliktingar og/eller sterk tilknyting.

Valden kan ramme den utsette på mange livsområde, og utsette for vald i nære relasjoner har ofte behov for bistand frå fleire tenester over tid. Det må vere eit mål at utsette for vald i nære relasjoner skal oppleve at hjelpa dei får er heilskapleg, samordna og likeverdig, og at den inkluderer både den utsette, barn til utsette og valdsutøvar. Godt samarbeid og samhandling på tvers av sektorane og ulike tenestar er avgjerande for å lykkast i det førebyggande arbeidet.

## **2. Formål**

Surnadal kommune har ansvar for ein stor del av tenestane i arbeidet mot vald i nære relasjonar. Vi skal ha tenestar som skal førebyggje, avdekkje og følgje opp dei som er utsett for vald i nære relasjonar.

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar skal først og fremst vere eit verktøy for korleis kommunal tilsette skal kunne avdekkje, varsle og hjelpe ved mistanke om vald i nære relasjonar. Plana skal styrke kunnskapsnivået hos dei tilsette i kommunen og vidareutvikle samarbeidet mellom faggrupper, sektorar og forvaltningsnivåa. Handlingsplanen skal bidra til at dei ramma partar får eit tilrettelagt og heilsapelege tilbod, uavhengig av kven dei kjem i kontakt med av offentlege tenesteutøvarar.

Handlingsplana skal også vere eit verktøy som skal vise kommunen sine målsettingar i arbeidet mot vald i nære relasjonar, og kva for konkrete tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast for å nå måla.

Handlingsplana skal også bidra til at alle som arbeider og/eller er i kontakt med barn, unge og vaksne i alle aldrar skal våge å sjå, tørre å spørje og ha mot til å handle slik at valden opphøyrer. Innbyggjarar i Surnadal kommune skal leve eit trygt liv fri frå vald.

## **3. Sentrale føringar**

Arbeidet med å førebyggje, avdekkje og sette inn tiltak mot vald i nære relasjonar er styrt av fleire nasjonale føringar, både i lovverk, handlingsplanar og forskrifter. Ei rekke føresegner eller bestemmelsar i aktuelle lovar og forskrifter har også gitt kommunane ei plikt til å sørge for ein heilsakleg og individuelt tilpassa oppfølging av utsette for vald i nære relasjonar, deira pårørande/familie, og også av valdsutøvar.

Endringar i helselovgivingar frå 2018 har tydeleggjort helse-og omsorgstenesta sitt ansvar for å førebyggje, avdekkje og avverje vald og seksuell overgrep. Helse-og omsorgstenestelova § 3-3a pålegg kommunen å ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald og seksuell overgrep. Kommunen skal også legge til rette for at helse-og omsorgstenesta blir i stand til å førebyggje, avdekkje og avverje vald.

Som følgje av desse lovendringane vart rundskriva til pasient-og brukarrettigheitslova, helsepersonellova og *Veileder om pårørande* i helse-og omsorgstenesta oppdaterte.

I 2022 har barnevernsreforma trede i kraft. Barnevernereforma har gitt kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Det overordna måla med reforma er eit betre barnevern ved at tenestetilbodet skal kunne tilpasse lokale behov. Ei anna intensjon med reforma er å gi kommunane incentiv og moglegheiter til meir og betre samarbeid på tvers av tenester.

Krisesenterlova § 3 ( 2009 ) beskriv kommunen sin plikt til å sørge for individuell tilrettelegging av tilbodet til den valdsutsette. Dette blir gjentatt i § 4 i same lov om samordning av tenester. Her syner ein også til bruk av individuell plan.

### **3.1 Lovverk og retningsliner som har betyding og relevans til arbeidet med vald i nære relasjonar**

Det er mange lover som styrer tenestetilbodet i kommunen. Her vil vi likevel trekke frem dei sentrale lover som gir viktige rammer for denne handlingsplana mot vald i nære relasjonar.

- Pasient-og brukarrettigheitslova § 2-5
- Psykisk helsevernlova § 4-1
- Helse-og omsorgstenestelova § 3-3, 3-3a, 7-1
- Barnevernlova § 6-1, § 3-2a, § 6-4, §13-2, § 13-4
- Krisesenterlova § 3,§ 6
- Sosialtenestelova i NAV § 17, § 28, § 33
- Forvaltningslova § 13
- Helsepersonellova § 21, § 32, § 33
- Straffelova § 196

#### **Avvergeplikt**

Avvergeplikt gjeld for **alle**, både for deg som jobbar med menneske og har teieplikt, men og for deg som privatperson.

Plikta gjeld visse former for lovbrot og er omtala i straffelova si § 196. Eksempel på slike lovbrot er situasjonar der det er fare for valdtekst, drap, mishandling i nære relasjonar, eller seksuelle overgrep mot barn, unge og vaksne.

Plikta blir utløyst idet ein får kunnskap om at handling vil skje, eller ein trur at det er mest sannsynleg at handlinga vil skje.

Du kan avverje ved å varsle politi, barnevern eller på annan måte søke å hindre at handlinga skjer.

Ved avverje er det viktig å samarbeide med den det gjeld - både barn, ungdom og vaksne. Dialogen må tilpassast den einskilde sin alder og modning og er avhengig av kor akutt situasjonen er.

**Alle** har ein generell plikt til å søkje å hindre visse former for alvorlege brotsverk gjennom å melde forholdet til politiet eller på annan måte hindre forholdet.

Når ein blir kjent med at nokon blir utsett for pågåande vald eller overgrep skal det vurderast om det utløyer avvergeplikta i straffelova § 196.

Alle personar har ei plikt til å forhindre at alvorlege hendingar skjer ved å varsle politiet eller barnevernet dersom det gjeld personar under 18 år.

## **Opplysningsplikt**

Ifølgje barnevernlova § 13-2 har alle offentlege tilsette, samt ei rekke yrkesutøvar med profesjonsbestemt teieplikt, uavhengig av om vedkomande arbeider i det offentlege eller i det private, plikt til å gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utsett for mishandling eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt.

## **Opplysningsrett**

Det betyr at den som sit med opplysningar har tilgang, men ikkje plikt til å vidareføre opplysningar.

## **Meldeplikt**

Du har meldeplikt etter barnevernslova § 13-2 viss:

- Du er offentleg tilsett eller du utfører oppgåver for det offentlege
- Du er yrkesutøvar med profesjonsbestemd teieplikt

Meldeplikta etter barnevernslova inneber eit personleg ansvar for å melde, og går føre lovfesta teieplikt.

Du har plikt til å melde frå til barnevernet, utan ugrunna opphold:

- når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller utsett for annan alvorleg omsorgssvikt.
- når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annan alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling.
- når det er grunn til å tru at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekt det særlege behovet sitt for behandling eller opplæring.
- når eit barn har vist alvorlege åtferdsvanskar ved å gjere seg skuldig i alvorlege eller gjentekne lovbrot, ved problematisk bruk av rusmiddel, eller ved å ha vist anna form for utprega normlaus åtferd.
- når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel.

Du treng ikkje å vere sikker på at barnet er i ein situasjon som beskrive i barnevernslova § 13-2 første ledd, men det må ligge føre noko konkret som indikerer alvorlege manglar ved omsorgssituasjonen til barnet eller som tilseier at barnet har alvorlege åtferdsvanskar.

Alle offentlege instansar har plikt til å melde til barneverntenesta om barn som er utsett for vald, eller er vitne til vald.

Når det er grunn til å tru at det føreligg alvorleg omsorgssvikt eller når barn har vist alvorlege åtferdsvanskar som følgje av vald, overgrep, o.l. skal det også meldast til barneverntenesta.

## **Teieplikt**

Teieplikt er ei plikt til å hindre at opplysninga om nokon sitt personlege forhold blir kjent for uvedkomande. Som hovudregel har offentlege tilsette teieplikt og skal hente informert samtykke frå den vi skal hjelpe, før vi tek kontakt med andre delar av hjelpeapparatet. Men teieplikta skal ikkje vere til hinder for å melde frå til politiet når det er mistanke om vald i heimen, institusjonar, osv., og/eller barnevern når det er mistanke om eit barn er utsett for vald og seksuelle overgrep, og/eller lever i vald.

## **Informasjon om at melding er gjeve til barneverntenesta**

I saker der det føreligg mistanke om at eit barn er utsett for vald eller er vitne til vald i familien, er det barneverntenesta eller eventuelt politiet som skal vurdere om og når omsorgspersonane skal informerast.

## **Samtykke**

Helsehjelp kan berre gjevast med samtykke frå pasienten eller brukaren med mindre det føreligg lovheimel eller anna gyldig rettsgrunnlag for å gi helsehjelp utan samtykke, jf. Lov om pasient og brukarrettigheter § 4-1, første ledd.

Teieplikta skal i utgangspunktet ivareta den enkelte sitt krav på tausheit om sin kontakt med hjelpeapparatet eller andre sitt personlege forhold. Om personen har gjeve sitt samtykke, kan teieplikta opphevast og instansane kan utveksle relevante opplysningar.

## **4. Ansvar og oppfølging**

Surnadal kommune har som arbeidsgjevar ansvar for å sikre at alle tilsette i kommunen har tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse i arbeidet mot vald i nære relasjoner. Vidare skal kommunen sørge for at alle tilsette har kjennskap og kunnskap om kven dei skal kontakte ved mistanke om at ein innbyggjar dei har kontakt med er utsette for vald, eller det er spørsmål om melde- og/eller avverjeplikta er utløyst.

Kommunen har også ansvar for at innbyggjarane har tilgang til eit fullverdig krisesentertilbod. Kommunen har ansvar for å skaffe nødbustad til dei som eventuelt blir avvist ved eit krisesenter, som til dømes menn som er utsette for vald og menneske med rusproblematikk.

Handlingsplan om vald i nære relasjoner er ei overordna tverrfagleg plan. Alle sektorar og eininger har eit sjølvstendig ansvar for å sikre gjennomføring av tiltak innafor sitt område.

Einingsleiarar i kommunen har ansvar for å følgje opp, fordele oppgåver og sette i verk tiltaka i eiga eining. Einingsleiarar skal vidare fremje forslag om tiltak inn i kommune sin handlingsplan eller økonomiplan.

Vald i nære relasjoner angår oss alle. Kunnskap og bevisstgjering i heile befolkninga om vald i nære relasjoner og kor ein kan få hjelp, vil auke sjansane for at vald blir avdekt og hjelpetiltak kan settast i verk.

Alle tilsette og innbyggjarar har plikt til å avverge alvorlige lovbrot som drap, voldtekts, vald i nære relasjoner og seksuelle overgrep mot barn. Om det ikkje er trygt å gripe inn, har vi likevel plikt til å varsle politiet. Avvergingsplikta går alltid føre teieplikta.

Tiltaksdelen i handlingsplana skal rullerast årleg i samband med arbeid med kommunen si overordna kommunal plan. Temaplana skal rullerast kvart 4. år basert på evalueringa, lokale tilpasninga, nye lover og nasjonale føringar.

Når det gjeld oppfølging har kommunen, i form av barnevern, psykisk helseteneste og sosialtenesta i NAV, ansvar for oppfølging av den valdsutsette, deira familie og pårørande.

## 5. Definisjon av vald og nære relasjoner

Psykolog Per Isdal ved Alternativ til Vald ( ATV ) definerer vald slik:

« **Vald** er alle hendingar retta mot ein annan person som skjer ved at denne handlinga skadar, smertar og skremmer eller krenkar, får den personen til å gjere noko mot sin vilje eller til å slutte å gjere som han eller ho vil».

**Nære relasjoner** er definert i Straffelova § 282 som neverande eller tidlegare ektefelle, sambuar, neverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar sine slektingar i rett nedstigande line, slektning i rett oppstigande line, nokon i husstanden eller nokon ein har i si omsorg. Det vil seie at nære relasjoner også omfattar søsken, barn, forelder, besteforeldre og barnebarn.

### 5.1 Ulike typar vald

#### Fysisk vald

Fysisk vald er handlingar som forårsakar fysisk skade eller smerte, men også handlingar som fysisk hindrar den andre sin rørslefridom. Eksempel på fysisk vald: Å slå, sparke, riste, klype, gi juling, ta kvelartak, klore, bite, lugge, vri armen, halde fast eller dytte osv.

#### Psykisk vald

Psykisk vald er ord, kroppsspråk og stemmebruk som krenkar, truar og kontrollerer den andre. Eksempel på psykisk vald: Indirekte eller direkte truslar, latterleggjering, kalle stygging, kontrollere kva den andre får lov til å gjøre eller kven den den andre kan vere saman med, utagerande sjalusi, ignorering av den andre sine følelsar.

#### Materiell vald

Materiell vald er handlingar som er retta mot gjenstandar eller inventar. Den er skremmande i seg sjølv. Eksemplar på materiell vald: Å slå i sund møblar, veggar, dører, gjenstandar eller andre øydeleggingar.

### **Økonomisk vald**

Økonomisk vald er å forhindre ein person i å ha råderett over eigen økonomi, nekte tilgang til eige eller felles bankkonto. Det er også å forhindre nokon å ha ei inntekt, press til å vere avhengig av andre, tvinge til å skrive under på lån eller andre dokument eller testamente.

### **Omsorgssvikt**

Omsorgssvikt er ein vedvarande manglende evne eller vilje hos omsorgspersonane til å møte barna sitt grunnleggande fysiske, emosjonelle, psykiske og/eller medisinske behov.

### **Seksualisert vald**

Seksualisert vald er handlingar retta mot ei anna person sin seksualitet. Eksempel på seksualisert vald: Seksuell trakassering, presse og tvinge den andre til seksuelle handlingar, valdtekts eller seksuelle overgrep, seksualisert tortur.

### **Latent vald**

Latent vald er vald som verkar i kraft av moglegheita si, det vil seie frykta og risikoen for at ny vald skal skje. I nære relasjonar der det har foregått vald, kan den latente valden utvikla seg til å bli den dominante valdsforma. Det er vald som «ligg i lufta» eller blir rekna som sannsynleg før eller etter ein valdsepisode. Den latente valden gjer at den valdsutsette heile tida må ta omsyn til trusselen om vald.

### **Vald i oppdragarsamanheng**

Fysisk og psykisk avstraffing som ein del av oppsedinga for å endre åtferda til barn og unge. Gjentatt eller alvorleg bruk av truslar, tvang, fridomskrenking, vald eller andre krenkingar mot barn som ein del av oppdragelsen.

### **Digital vald**

Truslar og trakassering via meldingar, overvaking og kontroll av mobiltelefon eller sosiale mediar eller stygge meldingar posta på nett. Det omfattar også truslar, trakassering og seksuelle overgrep som følge av kontakt etablert på nett.

### **Æresrelatert vald**

Vald som er utløyst av eit behov for å ivareta eller gjenopprette ære innafor ein familie eller grupper. Tvangsekteskap og kjønnslemlesting faller også under her.

## **Tvangsekteskap**

Det inneber at ein gjennom vald eller fridomskrenking, fysisk eller psykisk press må inngå i et ekteskap mot sin vilje.

## **Kjønnslemlesting**

Kjønnslemlesting er inngrep som blir gjort på kvinner sitt kjønnsorgan av kulturelle, ikkje medisinske årsakar.

## **5.2 Utsette grupper**

### **Barn og unge**

I dag veit vi at barn som opplever vald i heimen finn seg i ein vanskeleg omsorgssituasjon, som inneber ei stor risiko for at dei blir utrygge, og får redusert helse og livskvalitet også i vaksen alder. Skadeverknadene av å leve i ein familie der det finst vald mellom vaksne svarer til det å bli direkte utsett for vald. Barn som opplever vald i familiien, har dei siste åra blitt synleggjort og løfta fram. Det å oppleve vald i familiien gir auka risiko for alvorlege psykiske og atferdsmessige problem.

### **Menneske med funksjonsnedsettjingar og psykisk utviklingshemming**

Personar med nedsett funksjonsevne og psykisk utviklingshemming lever med større risiko for vald og overgrep enn andre borgarar. Ein større andel med nedsett funksjonsevne og psykisk utviklingshemming er avhengig av offentlege tenester, assistanse og pleie. Det medfører ein stor maktforskjell og dermed også auka sårbarheit. Blant hovedgruppene av funksjonsnedsettingar finn vi rørslehemming, synshemming, utviklingshemming og sammensette funksjonsnedsettingar.

### **Mennesker med rus- og psykiske problem og lidingar**

Mennesker med rus- og/ eller psykiske problem og lidingar kan i bestemte samanhengar og særlig sårbare situasjonar vere særleg utsett for vald. Pårørande til menneske med rusproblem kan også tenkast i større grad å vere utsett for vald.

### **Menneske med innvandrar- og flyktingebakgrunn**

Sosial isolasjon og manglande sosial integrering kan auke risiko for at vald får fortsette og auke, utan at andre kan bidra til å stoppe den.

Kulturell fundert vald som oppdragarvald og kjønnslemlesting er særskilde fenomen for barn i enkelte minoritetsfamiliar. Æresrelatert vald kan forekomme i alle kulturar, men er meir utberedt der omsynet til familien står over omsynet til individet og der familien sin ære er knytta opp mot at kulturelle- og tradisjonelle normer skal overhaldast for å oppretthalde familien sitt omdømme i andre sine augo.

## Vaksne og eldre

Vald mot vaksne og eldre er ei av dei mest skjulte formene for vald. Problema heng ofte saman med familiekonflikter og blir som oftast utført av ein person den eldre kjenner, har tillit til og er avhengig av. Valden kan også skje der ein part i forholdet er i ferd med å bli dement, og dermed mistar kognitive funksjonar personen tidlegare hadde. Mange eldre opplever fleire former for vald, som eksempelvis økonomisk og strukturell vald som forsømming.

### 5.3 Teikn på vald

#### Hos barn og unge

Barn kan mangle språk på det dei opplever, dei er lojale, redde og tilpassar seg omgjevnadene for å oppleve maksimal tryggleik.

Dei mest tydelege teikn på vald er fysiske skadar på kroppen: Blåmerke, andre merker etter slag, å ha blitt heldt fast, klyping og liknande. Barn kan også utvikle diffuse smerter og ubehag som for eksempel smerter i mage og i hodet. Psykologiske vald som truslar, trakkassering, latterleggjering, utskjelling og anna verbal audmjuking kan føre til psykisk uhelse hos barn og unge. Dette kan blant anna sjåast som därleg sjølvtillit og sjølvbilde, samt angst, depresjon, skulevanskar, aggressjon, og liknande.

#### Hos vaksne og eldre

Vaksne og eldre kan ha same fysiske skadar og symptoma på vald, men den normale aldringsprosessen kan bidra til at eldre lettare kan få fysiske skadar av valden. Teikn på vald blandt vaksne og eldre kan blant anna vere:


- Lite sosialt nettverk, og tendens til å isolere seg
- Endra åtferd utan forklarleg grunn
- Kjent rusmisbruk
- Stadig fornying av reseptar på smertestillande eller vanedannande medikament
- Vaksne barn flytter heim til sine foreldre
- Den eldre får sjeldan vere åleine ved besøk av heimetenesta eller andre menneske
- Uro eller aggressiv åtferd

### 6. Mistanke om vald

Når det er mistanke om vald i nære relasjoner er det viktig at ein går riktig fram for god handtering. Det er mange ulike instansar som kan bli involvert og desse må bli samordna for at hjelpa skal bli gitt på best mogleg måte.

Aktuelle instanser har difor standardiserte skjema som kan vere eit hjelpemiddel for å forstå korleis ein går fram ved mistanke om vald eller overgrep mot barn og/eller vaksne.

# FLYTSKJEMA KORLEIS EIN GÅR FRAM VED MISTANKE OM VALD ELLER OVERGREP I NÆRE RELASJONAR; VAKSNE



# FLYTSKJEMA KORLEIS EIN GÅR FRAM VED MISTANKE OM VALD ELLER OVERGREP I NÆRE RELASJONAR; BARN



## **Handtering av varslingar til politiet og barneverntenesta:**

### **Politi**

Politiet mottek ei bekymring om muleg straffbare forhold frå privatpersonar eller offentlege instansar. Dei avgjer kva slags type sak dette er og også kor saka eventuelt skal etterforskast. Saka blir sendt til spesialistane som jobbar med sakar innafor seksualkapitelet og vald mot barn, eller lokalt politi som tek dei mindre alvorlege sakene. Det er ofte samarbeid på tvers av einingar.

### **Barneverntenesta**

Barneverntenesta mottek ein bekymringsmelding frå privatpersonar eller offentlege instansar.

Dersom saka skal undersøkast, vil barneverntenesta ta kontakt med barnet, foreldre/pårørande og andre relevante instansar for å innhente opplysningar og kartlegge barnet sin omsorgssituasjon.

### **Slik arbeider legevakt og krisesenter rundt varslingar**

**Legevaka** skal stille opp utanfor fastlegane sine opningstider med augeblikkeleg hjelp:

- Døgnopen telefon **Tlf.nr 116 117**
- Råd og rettleiing
- Hjelp til kontakt med andre hjelpeinstansar
- Medisinsk tilsyn

### **Krisesenter Orkdal og omegn **Tlf. 724 824 10****

Når nokon er utsett for vald i nære relasjoner kan dei få eit midlertidig butilbod på krisesenteret. Her kjem ein i kontakt ved å ringe sjølv eller få hjelp av andre til å ringe, enten som privatperson eller offentlege instans. Ikkje alle treng eit butilbod, men ein kan også få tilbod om støttesamtalar og rettleiing. Krisesenteret hjelper til med å kontakte politiet for ein eventuell risikovurdering rundt trusselbildet. Krisesenteret kan også tilby gratis juridisk bistand, samt hjelp til re-establering.

Krisesenter er eit gratis heildøgns lågterskel tilbod til kvinner, menn og barn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjoner. Ein treng ikkje tilvisning for å kome dit.

Krisesenteret skal tilby eit trygt og individuelt tilpassa tilbod til både vaksne, barn og unge ut frå deira behov og rettar.

We need  
**ALL OF US**  
to take action



## **9. HJELPETILBOD OG KONTAKTPERSONAR**

Alle tilsette i alle tenestene i Surnadal kommune har ansvar for å førebyggje, avdekke og stoppe vald. Dei kommunale hjelpetenestene skal bidra til at valdsutsett, valdsutøvar og andre som er påverka av valden, får eit tilrettelagt og heilsakleg hjelpetilbod.

Lokale tenestetilbod, interkommunale og nasjonale hjelpetiltak:

- Barneverntenesta- vakttelefon 480 92 203

<https://www.surnadal.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/barneverntenesta/kontakt-barneverntjenesten>

- Politi - 112 ved akutte tilfeller

Telefon 02800 for lokalt politi i saker som ikkje er akutte  
Politistasjon tlf. 701 187 00

<https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/politidistrikter/more-og-romsdal/surnadal-politistasjon/#accordion-item-18087>

- Fastlege - Surnadal legesenter, tlf. 716 57 800
- Helsestasjon - Surnadal helsestasjon, tlf. 716 55 880
- Familierettleiar, tlf. 948 545 40
- Psykisk helseteneste - tlf. 952619 98

**Surnadal kommune har avtale med krisesenteret for Orkdal og omegn**  
Postboks 116, 7320 Fannrem

Tlf: 72 48 24 10

E-post: [krisesenteretorkdal@outlook.com](mailto:krisesenteretorkdal@outlook.com)  
Facebook: <https://www.facebook.com/orkdalkrise>  
Nettsted: <https://krisesenteretorkdal.no>

Sjå film om og kort omtale av krisesentertilbodet på dinutvei.no

**Livstrugande sjukdom eller skade- Ring 113**

**Familievernkontoret Nordmøre**

Telefon 466 17 480

Familievernkontoret Nordmøre (bufdir.no)

**Nasjonale hjelpetilbod til valdutsett og valdsutøvar**

Hjelpetilbod ved vald, seksuelle overgrep og valdtekst: [www.dinutvei.no](http://www.dinutvei.no)

Hjelelinje for deg som opplever vald eller overgrep i nære relasjoner

Telefon: 116 006 (VO telefonen)

Alarmtelefonen for barn og unge er ei gratis tjeneste for barn og unge som er utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt. Telefon; 116 111